

Vedlegg 8 Status lokalisering og organisering av helse-og omsorgstenesta i Fjaler i 2017

Funksjonar til dei ulike einingane i tenesta slik det er organisert per 2017.

Rådmannen: Er øvste sjef for helse-, omsorg og sosialarbeidet i kommunen. Alle 6 einingane i helse- og omsorgstenesta rapporterer direkte til rådmannen. Rådmannen er lokalisert på Fjalerhuset (kommunehuset i Fjaler).

Helsestasjonen: Helsestasjonen yter teneste for personar mellom 0 og 20 år og har 3 tilsette helsesystre (totalt 2.3 årsverk inkludert ny 0.5 prosjektstilling). Eininga har ansvar for helsekontrollar, skulehelseteneste, informasjonsarbeid samt primær (universell) og sekundær førebygging for barn og familiar. Eininga inkluderer også jordmor (0.4 årsverk), helsestasjonslege (0.16 årsverk) og helsestasjonspsykolog (0.2 årsverk). Oppgåvene til jordmor er oppfølging av gravide kvinner i svangerskap og tidleg kontroll etter fødsel (helst etter 1-2 dagar). Det med å oppdage tidlege indikasjonar på uhelse hjå mor, eksempelvis depresjon, alkoholbruk eller vold i heimen, er viktig. Helsestasjonen er lokalisert på Fjaler helsetun.

Bistand og omsorg syter for sentrale lovpålagde deltenester innanfor helse- og omsorgstenestene. Tenestene vert ytt til alle som har trong for det, uavhengig av alder og diagnose/funksjon. Tenesteeininga yter tenester innan følgjande:

- Praktisk og personleg bistand,
- Opplæring innan helse- og omsorgstenester
- Brukarstyrt personleg assistanse
- Pleie- og omsorg i heimen
- Pleie- og omsorg i institusjon
- Omsorgsløn
- Avlasting
- Støttekontakt
- Habilitering og rehabilitering
- Dagtilbod
- Vaksenopplæring

For pleie- og omsorg i institusjon gjeld følgjande: Frå 01.07.2017 er kommunane pålagt å føre venteliste for søkjarar som fyller kriteria for fast opphald. Rett til fast opphald inneber at søkjar har behov for heildøgns pleie og omsorg. For brukarar som ikkje bur i eller nær sentrum kan løysinga bli korttidsopphald i rehabiliteringshybel eller omsorgsbustad i påvente av rom på sjukeheimen. I periodar med stort press på plassar kan det bety at heimebuande med behov for planlagte rehabiliteringsopphald må vente, eller at utskrivingsklare frå sjukehus ikkje får plass.

Fjaler sjukeheim kan tilby ulike typer korttidsopphald ut frå individuelle behov; kartleggingsopphald der ein vurderer brukaren sitt funksjonsnivå og tenestebehov, rehabiliteringsopphald med fokus på trening hjå fysioterapeut og evt. utredning av behov for hjelpemiddel via ergoterapeut, og opphald med fokus på palliasjon. Avlastingsopphald vert innvilga der pårørande har omfattande omsorgsoppgåver. I einiske tilfelle vert det innvilga rullerande avlastingsopphald. Dette er viktige tenester som kan bidra til at brukaren kan bu heime så lenge som mogeleg. Fast opphald vert innvilga når det ikkje lenger er mogeleg å tilby forsvarlege tenester i heimen. Bistand og omsorg har totalt 117,44 årsverk (219 tilsette) i 2017 for totalt 303 brukarar (tal frå "Bistand og omsorg" eininga i oktober 2017).

I tillegg gjev tenesteeininga tilbod om omsorgsbustader, tilrettelagde bustader, aktivitetstilbod, middagsutkøyring og tryggleiksalarm. Eininga administrerer vidare fylkeskommunal transportstøtteordning, fylgjekortordning og parkeringsløyveordning for funksjonshemma.

Bistand og omsorg er organisert på ulike stadar i kommunen. Sjukeheimen (for 39 langtidsbrukarar), 5 rehabiliteringsplassar/korttidsplassar og 21 omsorgsbustadar (Naustmyra, Løvollen, Kringshellen) er lokalisert på og rundt Fjaler helsetun. Dagsenter for bebuarar på sjukeheimen og heimebuande er også lokalisert her. Kommunale omsorgsbustader finst også på andre stader i og utanfor Dale (**Hyperkopling 9**). Omsorgsbustader for psykisk utviklingshemma er lokalisert i Svehogen og på Øyra. Avlastningsbustad er lokalisert i Svehogen. Dagsenter for psykisk utviklingshemma er lokalisert på Vevang, og arbeidstrening blir tilbudd på Vevang Produksjon (atfføringsbedrift der kommunen er eine-eigar).

Fjaler Legesenter: Legesenteret skal syte for at personar som oppheld seg i Fjaler skal bli oppfølgt i høve førebygging, diagnostisering og behandling av sjukdommar. Legesenteret har totalt 4.65 stillingar, inkludert helsesekretærer. Dei 3 legane på senteret er i hovudsak privatpraktiserande med små stillingsprosentar knytt til helsestasjon (16%), sjukeheim (30%), smittevern, medisinsk fagleg rådgjeving (tilsaman 11%) og legekontordrift (24%). Alle helsesekretærer er kommunalt tilsett. Legesenter er lokalisert på Fjaler helsetun.

Fysioavdelinga: 4.5 årsverk inkludert ergoterapeut. Fysioavdelinga yter tenester til alle aldersgrupper. Dette inkluderer kurativ behandling, rehabilitering/opptrening, hjelpemiddelstildeling, oppfølging barn og unge, personar som står i fare for å bli sjukemeldte på grunn av muskel- og skjelett-lidingar og frisklivsarbeid. Frisklivssentralen ligg organisatorisk under fysioavdelinga. Fysioavdelinga er lokalisert på Fjaler helsetun.

NAV: Kontoret er eit partnerskap mellom Fjaler kommune og NAV Sogn og Fjordane, med 5-6 stillingar der to av dei faste stillingane er kommunalt tilsett. Hovudoppgåve til NAV-kontora er få flest mogleg i arbeid og aktivitet, slik at dei blir økonomisk sjølvforsørge. Dei kommunale oppgåvene i kontoret er knytt til Lov om sosiale tenester i NAV. Dette omfattar

økonomisk stønad (sosialhjelp), kvalifiseringsprogrammet (KVP) og råd og rettleiing i hovudsak knytt til økonomi og gjeldssaker. I tillegg har NAV Fjaler ansvaret for Husbanken si bustønad, bustadtilskot til etablering/tilpassing og startlån. NAV Fjaler er lokalisert på Fjalerhuset.

HAFS barnevern: Fjaler har barnevernteneste saman med Hyllestad, Askvoll og Solund. Totalt har denne interkommunale eininga 6 sakshandsamingsstillingar og 1,5 tiltaksstillingar, inkludert leiar. Av desse stillingane er 1 tiltaksstilling fordelt mellom Askvoll og Fjaler med 0,5 stilling kvar.

Barnevernet skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. HAFS interkommunale barnevernteneste har ansvar for barneverntenester i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Barnevernet er lokalisert på Fjalerhuset.

Frisklivssentral: er ein helsefremjande og førebyggande kommunal helseteneste. Målgruppa er dei som har auka risk for helseutfordringar, sjukdom og særleg samansette helseplager og som treng hjelp for å endre levevaner og til å meistre livet med sjukdom eller skade. Det er eit lågterskeltilbod, og ein kan henvende seg hit med eller utan tilråding frå lege.

Frisklivssentralen er ei delt eining mellom fysioeinga og folkehelsekoordinator, der fysioeininga står for 40% og folkehelsekoordinator for 20%, som også inkluderer leiing av sentralen. Ergoterapeut inngår i «fysio-delen». Lokalisering er Fjaler helsetun.

(Hyperkoping 11)

Folkehelsekoordinator er ikkje direkte i helse-eininga, men har oppgåver knytt til førebygging og planarbeid innan helse: Folkehelsekoordinator skal ha kontinuerleg oppsikt over folkehelsesituasjonen i kommunen, rapportere på dette og setje i verk tiltak for å betre folkehelsa. Han/ho skal vere pådrivar for å sikre at folkehelse har ein plass i alle kommunale planar, og at brukarmedverknad er sentralt. Folkehelsekoordinator er lokalisert på Fjalerhuset.

Tannlegetenester er eit fylkeskommunalt ansvar. Fjaler kommune har per 2017 lokalisert tannlegekontor på Fjaler helsetun. Frå ca. 2019-20 skal kontoret flytte til Askvoll, men 1-2 tannlegestolar vil blir brukt til tannlegeteneste for dei som bur på Fjaler sjukeheim (kategori C pasientar).